

Trygg og
framtidsretta



**Barnehagebruksplan
2022 - 2026**



Time kommune

Innhald

Innhald.....	2
Forord	3
Status	4
Mangfald	5
Vurderingar ved nye barnehageanlegg.....	5
Størrelse.....	6
Arealnorm.....	6
Arbeidsplassar for personale	6
Lokalisering.....	6
Framskrivning	7
Dekningsgrad for ulike aldersgrupper	8
Fødselstal.....	8
Samla oversikt over kapasitet og behov	9
Kapasitet i eksisterande barnehagar	9
Nyland barnehage.....	10
Buffer	11
Samla oversikt over behov og plassar i bruk:	12
Utvikling i dei ulike områda.....	13
Bryne, Hognestad og Lye.....	13
Kverneland	16
Undheim	17
Oppsummering	19
Nasjonale føringar	20

Forord

Barnehagen er ein etablert og viktig samfunnsinstitusjon. Frå nasjonalt hald vert det satsa på kvalitet til det beste for barna. Barnehagen skal ivareta barn og foreldre sine behov, og gje rom for leik, læring, mestring og utfordringar. Dette gjer det nødvendig å legga til rette for god strukturell kvalitet i alle barnehagar. Bygga må vera fleksible i bruk, og kunna møta endringar i drift.

Regjeringa si målsetting er full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris.

I barnehagelova § 10 står det at «*Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 16. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov».*

«*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven og forskrifter.*

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har rett til å få plass innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven og forskrifter.

Barnehagebruksplanen er kommunen sitt styringsverktøy for å sikra at retten til barnehageplass vert oppfylt, og er grunnlag for avgjersler som gjeld behov for framtidige barnehageplassar, utbygging, nedlegging og lokalisering av barnehagebygg.


I denne planen vert oppdaterte tal og prognosar på barn, kapasitet og dekningsgrad presentert. Endringar i tal på innbyggjarar, fødselstal, flyttemønster og bruksmønster gjer at prognosar fort kan endra seg. Det er derfor viktig å ikkje gjera drastiske tiltak for tidleg. Fødselstala har i nokre år gått ned, men i 2021 snudde denne trenden. Det vart fødd 23 fleire barn i 2021 enn i dei to føregåande åra. Prognosane syner likevel at kommunen samla vil ha overkapasitet på barnehageplassar dei neste åra.

Barnehagebruksplanen vert utforma for ein periode på 8 år. Denne planen er siste revidering av planperioden 2016-2024.

Status

Det er stadige endringar i barnehagesektoren. Framvekst av nye organiseringsformer, og utbygging av større og meir fleksible barnehagebygg er viktige utviklingstrekk. Parallelt med dette er òg barnehagens samfunnsmandat endra, og barnehagen er i dag ein viktig del av utdanningssystemet.

I perioden fram til 2015 hadde ein i Time kommune vekst i talet på barn i alderen 0-6 år, og det var derfor i denne perioden stort fokus på å bygga nye barnehagar for å ha nok barnehageplassar. Prognosane fram til 2018 la føringar for ytterlegare vekst. Dei siste åra viser at talet på brukte barnehageplassar har gått ned i perioden 2015-2020, for så å få ein auke i 2021. Dersom auke i barnetal held fram vil det vera behov for fleire barnehageplassar i åra som kjem.



Tabellen syner tal på barnehageplassar i perioden 2011-2021, kjelde Basil

Ved rapportering 15. desember 2021 var det 1147 barnehageplassar i bruk i kommunen. Dette er ein auke på 30 plassar samanlikna med same rapportering i desember 2020.

Ved årsskiftet 2021/22 hadde me 17 barnehagar i kommunen, fordelt på 8 kommunale og 9 private barnehagar. I tillegg har me open barnehage, som er organisert som ei avdeling i Trollongane barnehage.

Endringar frå førre barnehagebruksplan:

- Nyland barnehage vart frå august 2020 midlertidig lagt ned etter politisk vedtak i samanheng med økonomiplan 2020. Barn og tilsette har frå august 2020 vore ein del av Trollongane barnehage.
- Brynelunden Opne barnehage flytta inn i lokala til Nyland barnehage i august 2020, og vart lagt som ei avdeling under Trollongane barnehage.
- NLM barnehagane AS, avdeling Frøyland barnehage har flytta drifta over i nytt bygg. Bygget stod klart ved årsskiftet 2021/2022, og vart tatt i bruk i februar 2022. Den nye barnehagen er godkjend for om lag 100 barn, noko som inneber ei auke på om lag 50 plassar.

Mangfald

Det er nasjonale føringer for at kommunane skal legga til rette for eit mangfald av barnehagar med høg kvalitet. Mangfaldsomgrepet er ikkje klart definert i barnehagelova, og ein tenker derfor at det kan innehalda ulike faktorar som at barnehagane har ulik størrelse, ulik pedagogisk profil, livssyn, ulike eigarformer, plassering med meir.

I Time kommune har me eit mangfald av barnehagar. Me har kommunale, private, store og små barnehagar. I kommunen har me barnehagar som har vald å tydeleggjera ulike profilar og nokre som har utvida kristen formålsparagraf. Dette mangfaldet ser me på som ein ressurs, og det gir foreldre fleire alternativ å velga mellom når dei skal søka om barnehageplass.

I Time kommune har me ein open barnehage, Brynelunden open barnehage. Dei siste to åra har barnehagen vore lokalisert i gamle Nyland barnehage bygg 1. Dei tilsette melder at lokala har fungert godt til føremålet, både inne og ute. Plasseringa er sentral, med kort avstand til kollektiv transport.

I open barnehage treng ein ikkje søka om plass. Det er ein møteplass for dei som er heime med foreldre eller andre omsorgspersonar på dagtid. Personælet legg til rette for ulike aktivitetar, f.eks. samlingsstund, formingsaktivitetar, måltid og leikesituasjonar.

Barnehagen har ope 3 dagar i veka. Det har vore drift av open barnehage gjennom heile pandemi-perioden, med lågare driftsnivå grunna smitteverntiltak. Frå mars 2022 har det igjen vore full drift. Talet på barn har variert mellom 16-39 barn per dag.

Vurderingar ved nye barnehageanlegg

Planlegging av nye barnehageanlegg skal skje med eit utviklings- og innovasjonsperspektiv. Ein må bygga med utgangspunkt i erfaringar og føringer for barnehagens innhald og pedagogikk. I tillegg må ein ta utgangspunkt i teknologisk og bygningsmessig utvikling, og samfunnsutvikling generelt. Eit nytt barnehageanlegg skal vara i mange tiår, utan store ombyggingsbehov.

Barnehagens uteområde bør vera ope for andre brukarar utanom barnehagens opningstid. Dette vil gje ei trygg og tilrettelagt ramme for leik og opphold, primært for småbarnsfamiliar. Ved planlegging av private barnehagar bør ein vurdera å regulera barnehagens uteareal som fellesareal, eller å ha eigne avtalar for å sikra allmenn tilgang til barnehagen sitt uteareal.

Barnehagens fellesrom, samt deler av personalrom og møterom er areal i ein barnehage som kan vera eigna til sambruk med andre brukarar. Desse areala bør derfor leggast til rette for utlån, utanom barnehagens opningstid. Dersom det skal leggast til rette for ytterlegare utlån, må dette vera areal som kjem i tillegg til barnehagens grunnareal, slik det også vert gjort for skuleanlegg.

Størrelse

Det er ingen nasjonale føringar for størrelse på barnehagar. Barnehageeigar står derfor fritt til å bestemme størrelse på barnehagane. I Time kommune har det dei siste åra blitt lagt til grunn av nye barnehagar bør ha ein størrelse på rundt 85-150 barn, det vil seia fem til ti barnegrupper. Bakgrunnen for dette er at barnehagar av denne størrelsen vil ha eit større fagleg miljø som gjer gode mogleheter for fagleg utvikling og nytenking. Barnehagar på denne størrelsen kan gje grunnlag for robust leiing og større fleksibilitet.

Arealnorm

Det er størrelsen på leike- og opphaldsarealet, saman med organisering, bemanningsnorm og pedagognorm, som avgjer kapasiteten til den enkelte barnehage. Time kommune held seg til den anbefalte arealnorma, med netto leike- og opphaldsareal på 4 m^2 per barn over tre år og $5,3\text{ m}^2$ pr. barn under tre år. Leikearealet på uteområdet bør vera omlag seks gonger større enn leike- og opphaldsarealet inne, det vil seia rundt 24 m^2 per barn. Kvar barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal som gir ramme for maks tal på barn som kan opphalda seg i barnehagen. I planen vert ledig kapasitet/areal òg omtalt som ledige plassar.

Arbeidsplassar for personale

Det må vera rom og areal til administrasjon og pedagogisk personale i barnehagen. I tillegg skal det vera etablert arbeidsplassar som anna personale kan bruka. Talet på kontorarbeidsplassar vil vera avhengig av tal på tilsette pedagogar og avdelingar i barnehagen.


Lokalisering

Det er eit overordna mål å ha ei jamn fordeling av barnehagar i heile kommunen. Dette for å kunna tilby barn plass i nærområdet, for å avgrensa tidsbruk for barn og foreldre ved levering og henting i barnehagen, og ikkje minst redusera bruk av bil.

Barnehagar bør primært vera lokalisert nær barnas bustad, sekundært langs viktige vegtrasear for kollektivtrafikk og i tilknyting til arbeidsplassar. Dei bør så langt som mogleg vera lokalisert i tilknyting til offentlege friområde, turområde og idrettsanlegg som kan nyttast av barnehagen. Dei bør ha god tilkomst via gang- og sykkelvegnett, og ikkje liggja direkte i tilknyting til sterkt trafikkerte trafikkårer.

Framskriving

Framskrivinga av folkemengda er laga ved bruk av KOMPAS analysemodell. Grunnlaget for framskrivinga er befolkningssamansetninga dei siste seks åra, samt bustadbyggeprogrammet for Time kommune. Behovet for barnehageplassar vil dei neste åra ha stor samanheng med fødselstal og planlagde utbyggingsområde i kommunen. Usikkerheit i arbeidsmarknad og endringar i utbyggingstakt har stor innverknad på når kommunen vil ha behov for å oppretta nye barnehageplassar eller å redusera kapasiteten.



Tabellen viser andelen barn som har deltidsplass i barnehagane i perioden 2011 til 2021, kjelde Basil

Talet på barn som har deltidsplass har vorte redusert dei siste 4 åra. I 2021 har berre 3,57 % av barna i barnehagen deltidsplassar, det vil seie at dei har ein tre- eller firedagars plass. Denne nedgangen gjer at me får betre utnytting av plassane og betre utnytting knytt til pedagognorm. Talet på pedagogar vert rekna ut frå talet på barn, uavhengig av kor stor plass dei nyttar. I framskrivinga som ligg til grunn reknar me med at talet på barn med fulltidsplass vil vera uendra. Fleire av dei private barnehagane har dei siste åra vedtektsfesta at barnehagane berre tilbyr fulltidsplassar.

I åra frå 2016 til 2021 har Time kommune redusert talet på brukte barnehageplassar med om lag 100 plassar. Det kan sjå ut som om denne trenden har snudd, og i 2021 var det ein auke på 30 barnehageplassar samanlikna med 2020. Det er knytt usikkerheit til fødselstal, flyttemønster og bustadbygging. Erfaringar frå dei siste ti åra viser at biletet raskt kan endra seg. Det er derfor viktig at kommunen har fleksibilitet og ledig kapasitet til å kunna handtera slike endingar.

Dekningsgrad for ulike aldersgrupper

Dekningsgraden er ein viktig faktor ved utrekning av framtidige barnehageplassar. Dekningsgraden er den forventa prosentsatsen av det totale tal på barn som ønsker barnehageplass i dei ulike aldersgruppene. Tala er korrigert i forhold til barn med barnehageplass i Time kommune, men som er busett i andre kommunar. Det same gjeld barn busett i Time kommune som har barnehageplass i anna kommune.

	2017	2018	2019	2020	2021
1-åringar	67,2 %	70,0 %	66,8 %	70,9 %	79,0 %
2-åringar	88,8 %	92,4 %	93,4 %	93,5 %	96,9 %
3-5 åringer	96,6 %	94,9 %	95,0 %	94,2 %	96,9 %


Nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid og kontantstønad, ser ut til å ha påverka auke i dekningsgrad for alle aldersgrupper dei siste åra. Auken er størst for 1-åringar, der auken har vore 8 prosentpoeng.

Fødselstal

	2017	2018	2019	2020	2021
Time	1,82	1,72	1,67	1,64	1,64
Rogaland	1,82	1,72	1,67	1,64	1,73
Landet	1,62	1,56	1,53	1,48	1,55

Samla fruktbarhetstall (SFT) for kvinner beskriver gjennomsnittlig tal på levande-fødde barn kvar kvinne kommer til å føda i heile fødedyktige periode (15-49 år), under forutsetning av at fruktbarhetsmønsteret i perioden vedvarer, og at dødsfall ikke førekjem.

Det er knytt usikkerheit til fødselstal for dei komande åra, og ein har derfor lagt seg på ei moderat linje. Fødselstal er viktige når ein skal prøva å «treffa» på framtidig behov for barnehageplassar. Frå barnet vert født til barnet har rett til plass i barnehage går det mindre enn eitt år. Fødselstala i Time kommune har dei 5 siste åra vist ein variasjon frå 209 til 240 barn. I denne framskrivinga legg vi til grunn 1,7 barn per fertil kvinne i Time kommune. Dette vil gje eit snitt på om lag 240 barnefødslar dei neste åra.



Kjelde: Time kommune sine eigne erfaringstal og SSB

Tabellen over viser at nedgang i talet på fødslar ikkje vart så stor som ein såg føre seg i barnehagebruksplanen 2020. I 2021 vart det født 240 barn i Time. Det vil vera behov for nokre fleire barnehageplassar i åra framover enn estimert i førre plan.

Samlar oversikt over kapasitet og behov

Hovudbilde er at det er god balanse mellom behov og barnehageplassar i eksisterande barnehagar.

Framskrivningstal per 15. desember 2021 viser totalt sett ein liten oppgang i barnetala frå 2021 og dei komande fire åra. Denne framskrivninga baserer seg på fødselstal, flyttmønster og dekningsgrad. Om alle med rett til barnehageplass i Time kommune skulle nytta retten sin ville me per 15. desember 2021 ha bruk for 1205 barnehageplassar. Kapasiteten i dei eksisterande barnehagane er på 1259 barnehageplassar. Per i dag nytta me 1147 barnehageplassar.

Kapasitet i eksisterande barnehagar

Etter førre barnehagebruksplan har det vore få endringar i godkjenningar i dei eksisterande barnehagane. Frøyland barnehage har flytta til nytt bygg, og vil over tid kunna auka kapasiteten med om lag 50 plassar.

I denne barnehagebruksplanen er ikkje Nyland barnehage rekna med i grunnlaget på total kapasitet. Sjå eigen omtale under knytt til Nyland barnehage.

Tabellen under bygger på tal i oppdaterte godkjenningar og gir ei oversikt over alle barnehagane i kommunen, og kor mange barn som var i barnehagane pr 15.des 2021 (kjelde Basil). Ledige plassar betyr at den enkelte barnehage har ledig leike- og oppholds-areal, og i tillegg ser moglegheit for å auka bemanninga. Arealet er eit minimumsareal, og om ein nytta barnehagane sin kapasitet maksimalt vil dei ha moglegheit til å auka kapasiteten dersom dei aukar bemanninga i medhald av norm. Barnehagane treng å ha litt ledig areal for å kunna tåla

naturlege endringar i samansetninga av små og store barn. Fleire private barnehagar ønsker ikkje å nytta tilgjengeleg areal maksimalt. Bakgrunnen for dette kan vera gruppесamansetning, personalsamansetning og utforming av bygg i tillegg til at ein ser på det som å ha «god plass» som ein faktor i å tilby barnehagar av høg kvalitet.

Time kommune, 15. desember 2021

Barnehage	Sum plassar*)	Brukte plassar	Ledige plassar	Eigarform
Austbø barnehage	73	73	0	kommunal
Maurtuå barnehage	54	53	1	kommunal
Trollongane barnehage	103	97	6	kommunal
Ådalen barnehage	61	60	1	kommunal
Kverneland barnehage	122	119	3	kommunal
Vestly Idrettsbarnehage	170	120	50	kommunal
Lyefjell barnehage	42	41	1	kommunal
Monsanut barnehage	57	40	17	kommunal
Sum kommunale	682	603	79	
Barnehagen i Bryne kyrkje	19	19	0	privat
Frøyland barnehage**	76	50	26	privat
Undheim barnehage	66	55	11	privat
Spødarbakken barnehage	79	78	1	privat
Sporvongane barnehage	22	22	0	privat
Espira Ree barnehage	100	99	1	privat
Jærbarnehagen	84	83	1	privat
Eivindsholen barnehage	87	84	3	privat
Haugland gardsbarnehage	44	44	0	privat
Sum private	577	534	43	
Sum Time	1 259	1 137	122	

Tabellen viser ledige plassar i den einskilde barnehage og i kommunen samla.

*)Sum plassar tek utgangspunkt i godkjent areal, og organisering sett opp mot bemanningsnorm og pedagognorm.

**)Kapasiteten kan utvidast til 100 plassar

For dei kommunale barnehagane er det samla vurdert at ein har ledig kapasitet på 79 barnehageplassar, mens det i dei private barnehagane er 43 ledige plassar samla.

Nyland barnehage

I samband med handsaming av økonomiplan 2020 og førre barnehagebruksplan vart Nyland barnehage midlertidig nedlagt frå august 2020, jamfør vedtak KS-033/20. Frå hausten 2020 flytta Brynelunden Opne barnehage inn i lokala til Nyland barnehage. I samband med dette vart bygget og uteområdet tilpassa drift av open barnehage. Brynelunden Opne barnehage vart samstundes organisert inn som ei avdeling i Trollongane barnehage, og kommunen har spart inn leiekostnadane knytt til tidlegare lokalitetar.

Om Nyland barnehage skal opna att som ordinær barnehage, må lokala gjera om att til ordinær barnehagedrift, med den kostnad som det måtte innebera. I tillegg må kommunen finne lokalar til Brynelunden Opne barnehage.

Nyland barnehage vart ikkje rekna med i barnehageopptaket i 2022, i påvente av handsaming av ny barnehagebruksplan og grunna god kapasitet i dei eksisterande barnehagane i Time. Det er ein overkapasitet i barnehagane i kommunen på vel 120 plassar. Ved ei opning av Nyland ville ein hatt overkapasitet på 170 plassar. Midlertidig nedlegging av Nyland barnehage vert derfor foreslått gjort om til permanent nedlegging frå hausten 2022.

Buffer

Erfaringar tilseier at kommunen bør ha ein buffer på omlag 2 % av talet på nytta barnehageplassar. Ut frå Basil-tal 15. desember 2021 ser ein at kommunen må ha ein buffer på minimum 23 plassar for å kunna tåla naturlege endringar i tal på barn. Dette er ledig kapasitet som kan nyttast dersom behovet oppstår, om ein tilsett nødvendig bemanning. Ein treng denne bufferen fordi talet på barnehagebarn endrar seg raskt og kommunen må kunna tåla naturlege endringar i fødselstal og flyttemønster, samtidig som full barnehagedekning vert oppretthaldt.


19 barn frå andre kommunar har plass i Time kommune, medan 32 barn busett i Time har barnehageplass i andre kommunar pr. 15. desember 2021. Desse må me kunne tilby plass om dei søker om barnehageplass i Time, jamfør barnehagelova § 12a. Eit moment er at barnehageplassar i andre kommunar kostar Time kommune meir enn plassar i eigen kommune.

Andre årsaker til at ein har behov for buffer på barnehageplassar kan til dømes vera varierande tal på flyktningar som kjem til kommunen. Våren 2022 vart kommunen oppmoda om å busetta eit auka tal på flyktningar i samband med krigen i Ukraina. Dette vil utløysa behov for ulike tenester, mellom anna barnehageplassar.

Samla oversikt over behov og plassar i bruk:

For å kunna oppretthalda full barnehagedekning etter dagens prognosar treng ein ikkje auka kapasiteten i perioden. Dei neste åra er det knytt usikkerheit til fødselstal, flyttemønster og bustadbygging. Som tidlegare nemnd er det derfor viktig at kommunen har fleksibilitet og ledig kapasitet til å kunna handtera slike endingar. Ut frå dette føreslås det ikkje ytterligare nedlegging ut over permanent nedlegging av Nyland barnehage. Det er viktig å følga utviklinga tett fram mot neste barnehagebruksplan.

Erfaringar frå opptak 2022 er at dei aller fleste fekk tilbod om plass i den barnehagen dei hadde på 1. eller 2. val. Dette visar at me har tilstrekkeleg kapasitet i dei ulike områda med dei barnehagane og den søkarmassen me har i dag, og søkerane er godt fordelt på dei ulike barnehagane. Det er etter opptaket nokre ledige barnehageplassar i alle områda.



Tabellen viser samla behov sett opp mot bruk i dag, og samla kapasitet i barnehagane i Time kommune.

I følgje framskrivinga vil behovet for plassar gå ned fram mot 2024, for så å auka fram mot 2026 kor det er eit større behov enn i dag.


Utvikling i dei ulike områda

Det er knytt stor usikkerheit til detaljar når me bryt ned tala i dei ulike områda. Bakgrunnen for dette er at bruksmønsteret kan variera litt frå bygd og by. I tillegg flyttar barnefamiliar ofte i den perioden dei har barn i alderen 0-6 år. Ein har med bakgrunn i dette vald å visa trendar i områda og ikkje detaljerte tal. Detaljerte tal er det meir hensiktsmessig å sjå på når det gjeld kommunen samla.

Ein har i denne planen vald å nytta inndeling i 3 områder: Bryne, Hognestad og Lye – Undheim – Kvernaland. Årsaka til at ein nå vel å slå saman Bryne/Hognestad med Lye er at ein ser at det er vanskeleg å skilja dei med tanke på bruk av barnehageplass. Vestly Idrettsbarnehage ligg slik plassert at den har søkerar og rekrutterer både frå Bryne og Lye.


I framstillingane under har ein vald å visa eit behov basert på eit snitt av store og små plassar, sett opp mot faktisk bruk i dag og kapasitet uttrykt i eit snitt av store og små plassar.

Bryne, Hognestad og Lye




Ein ser av tabellen at ein i dette området opplever høgare etterspurnad på barnehageplassar enn det behovet skulle tilsei. Erfaringar frå opptaket 2022 er at fleirtalet av søkerane fekk barnehageplass i den barnehagen dei hadde på 1. eller 2. plass. Det kan sjå ut som fordeling av barnehagane i området er greitt tilpassa dagens behov.

Dei ledige plassane i området er i all hovudsak i to barnehagar. 17 plassar i Monsanut barnehage og 50 plassar i Vestly Idrettsbarnehage. Dette gjer at ein samla i Bryne/Hognestad/Lye per nå har god dekning, og moglegheit for å auka drifta dersom det er behov.



Bryne



Hognestad



Lye

Det er nokre ledige tomter på toppen av Lye, og det er planlagt framtidig utbygging nordvest for Løberg. Det er her om lag 100 ledige tomter. I *Kommuneplan Time kommune 2018-2030 Arealdelen - Fase 1*, er det lagt inn to nye utbyggingsområde som på lang sikt skal bidra til auka byggeaktivitet på Lyefjell. Det er forventa at desse områda, BF1 og BFL1, tidlegast vil vera byggeklare i 2023-2024.

Karta viser kor barnehagane er plassert i områda.

Rød prikk er barnehage i Klepp kommune.

Rødt merka felt er tomt til ny barnehage


Planlagt bustadbygging på Stemmen, Svertingstad, «Tunheim hageby» og Vardheia gjer at bilete fort kan endra seg. På Bryne er det viktig å sikra barnehageplassar som ligg tilgjengeleg for familiar som er busett i sentrum og nord for sentrum.

I området Vardheia er det ingen tomter satt av til barnehage. Ved vidare utbygging i dette området bør det setjast av areal til framtidig barnehage på minimum seks mål.

Time Kyrkjelege fellesråd har ønske om å etablera ny barnehage ved Bryne Kyrkje. Ein ser føre seg at ein del av lokala vert nytta i samdrift med kyrkja. Barnehagen ligg sentralt på Bryne, med gangavstand til offentleg transport. Søkarmassen til eksisterande barnehage er god, og dei klarar ikkje i dag å tilby plass til alle som søker barnehagen som førsteval. Utbygginga vil gje ei auke i talet på barnehageplassar sentralt på Bryne og i Vardheia-området, og samstundes gjera drifta meir robust.

I Svertingstad-området er det avsett tomt til barnehage på 5,5 mål. Tomta er ferdig regulert og eigd av kommunen. Maurtuå barnehage kan ved aukande behov utvidast mot «Ungdom-skogen» i nord.


Kvernaland



Auken i grøn linje i 2022 og 2023 er knytt til nye Frøyland barnehage.

Kvernaland har dei siste åra hatt eit stabilt fødselstal og har ikkje opplevd same nedgang som i resten av kommunen. Kapasiteten i eksisterande barnehagar er god, og med nye Frøyland barnehage vil ein ha god dekning på barnehageplassar i perioden. På Kvernaland nyttar ein færre plassar enn behovet skulle tilsei. Dette skuldast at fleire barn frå Time har plass i barnehage i Klepp eller i andre område i kommunen.


Kvernaland har to utbyggingsområde som er sett i gang for nye bustader, Frøylands parken og Frøylandsbekken.



Kartet viser kor barnehagane er plassert på Kvernaland


Rød prikk er barnehage i Klepp kommune

Undheim



Barnehagen på Undheim har kapasitet i heile perioden til å møta behov sett opp mot utbygging og fødselstal.

Det er planlagt bygging på nokre ledige tomter, samt bygging av leilegheiter på Undheim.



Kartet viser kor barnehagen er plassert på Undheim

Kartet viser alle barnehagane i Time kommune.

Tre barnehagar er markert med ein raud sirkel med ein radius på 2 km

To barnehagar i Klepp er synleggjort med raude prikkar. I desse barnehagane har om lag 25 barn frå Time kommune barnehageplass.



Oppsummering

Prognosane viser at det vil vera ledig kapasitet på barnehageplassar dei komande åra, før ein frå 2024 vil få ein vekst. Det er knytt stor usikkerheit til utviklinga i talet på fødslar og flyttemønster i åra som kjem.

Kommunen har i perioden fram mot 2024 ikkje behov for nye barnehageplassar. Ein kan heller ikkje sjå at det er grunnlag for å ta i bruk lokala til Nyland barnehage til ordinært barnehagetilbod. Midlertidig nedlegging av Nyland barnehage vert foreslått gjort om til permanent nedlegging frå hausten 2022.

Drift av Brynelunden Opne barnehage vert føreslått vidareført i tidlegare Nyland barnehage bygg 1, som ei avdeling lagt til Trollongane barnehage. Tidlegare Nyland barnehage bygg 2 vil då bli fristilt til anna formål.

I hovudopptaket våren 2022 fekk dei aller fleste tilbod om plass i den barnehagen dei hadde på 1. eller 2. val, og det er nokre få ledige plassar i alle områda. Dette gir eit bilde av at barnehagane er godt fordelt i kommunen, og er plassert der føresette ønsker barnehageplass.

Det vil vera hensiktsmessig å oppretthalda dagens kapasitet på barnehageplassar for å ha ein buffer til å ta framtidige endringar i behov.

Nasjonale føringer

Barnehagebruksplanen må bygga på lov og regelverk, og må ta eventuelle nye reglar inn i planlegging av nye barnehageanlegg.

Barnehageanleggene skal planlegges, bygges og drives ut fra gjeldende lovverk med tilhørende forskrifter. Sentralt står Barnehageloven og Rammeplanens krav til virksomheten.

[Barnehageloven](#) regulerer barnehagens formål og innhold, og er den øverste rettsregelen som barnehagene i Norge styres etter. Den omhandler krav om godkjenning, krav om bemanning, samordnet opptaksprosess, barn og foreldres rett til medvirkning, ulike samarbeidsforskrifter, og regler for hvilke oppgaver som tilligger barnehageeier og barnehagemyndighet.

[Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver](#) gir styrer, pedagogiske ledere og det øvrige personalet en forpliktende ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagens virksomhet. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eier og tilsynsmyndighet. Rammeplanen understreker barnehagens særegenhetsprinsipp som pedagogisk virksomhet, og skal støtte barns nysjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Det bør i planleggingen av nye barnehageanlegg tenkes gjennom hvordan man på en best mulig måte kan tilrettelegge bygget for dette. Barn leker og lærer med hele seg og gjennom alle sine sanser både ute og inne. Det er viktig å se fagområdene som en helhet, og ikke fragmentert.

[Arbeidsmiljøloven](#) med tilhørende forskrifter angir bestemmelser for de ansattes fysiske og psykiske arbeidsmiljø. Dette gjelder blant annet arbeidsplasser for barnehagelærere, kontorforholdene for øvrige ansatte, samt andre personalfasiliteter i anlegget. Ved bygging av nye barnehageanlegg er det viktig at en legger til grunn de retningslinjer som loven og tilhørende forskrifter legger opp til. Arbeidstilsynet både godkjener og fører tilsyn med at loven etterfølges.

[Forskrift for miljørettet helsevern i barnehagar og skoler mv.](#) med [veiledere](#), inneholder krav til det fysiske og sosiale miljøet, og til blant annet ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjoner og klage. Forskrifta stiller funksjonskrav for barnas fysiske arbeidsmiljø, og skal bidra til at miljøet i barnehager og skoler fremmer helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold for barn, samt forebygger sykdom og skade. Forskrifta forutsetter at det enkelte barnehageanlegg skal godkjennes, også etter eventuelle større endringer.

[Lov om folkehelsearbeid \(Folkehelseloven\)](#) trådte i kraft 1. januar 2012. Formålet med denne er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjewner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse. Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter iverksetter tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

[Lov om matproduksjon og mattryygghet mv. \(Matloven\)](#) stiller krav til utstyr, utforming og drift av lokaler der det produseres, tilberedes og oppbevares mat.

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#) med tilhørende byggeforskrift inneholder omfattende krav til det fysiske miljøet. Ny plan og bygningslov trådte i kraft 1. juli 2010.

Lovverket kommer spesielt til anvendelse i sammenheng med planlegging og oppføring av nye barnehagebygg og rehabilitering av eksisterende bygg. Loven gir også sterke føringer for universell utforming.

[Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne \(diskriminerings- og tilgjengelighetsloven\)](#) stiller krav om at alle arealer, både ute og inne skal være tilgjengelig for alle mennesker uansett funksjonsevne uten at man føler seg diskriminert. Ifølge loven skal offentlig og privat virksomhet som er rettet mot allmennheten, arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten. Loven omfatter barnehagens plikter til å sikre universell utforming i tråd med loven. Det er utarbeidet et eget prosjekteringsverktøy for universell utforming, se www.dibk.no/Tema/Universell-utforming. Generell info gis på www.universell-utforming.miljo.no/.

Veileder om [Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner](#) fra Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet, legger til grunn at trygge læringsmiljøer i barnehagene er basert på en fysisk og teknisk ”trygghetsprofil” relatert til utforming av nye barnehager. Den nevnte veileder har hovedfokus på ulike planer og tiltak for beredskap og krisehåndtering i barnehager og utdanningsinstitusjoner, som har betydning for både fysisk utforming og rutiner i driften.

For å øke kommunenes bestiller-kompetanse har Utdanningsdirektoratet etablert [Rådgivningstjenesten for barnehage- og skoleanlegg](#). Intensjonen er at kommunene som eier, bruker, forvalter og byggerer skal ha kunnskap om materialer og løsninger som er holdbare over tid slik at kommunen ikke bruker unødvendig ressurser på vedlikehold, rehabilitering og ombygging av sine barnehager og skoler.